

Alle kommunane i Hordaland

Dato: 17.02.2015
Vår ref.: 2014/555-31
Saksbehandlar: lisadla
Dykkar ref.:

Om tilskotsordningane til Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) –søknadsfristar i 2015

Hordaland fylkeskommune har tre særskilde satsingsområde for trafikksikringsarbeidet denne planperioden (2014-2017). Eit av desse er å styrke trafikksikringsarbeidet i kommunane, og som eit ledd i dette har Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) ansvaret for tre ulike tilskotsordningar som alle er retta mot kommunane og det lokale trafikksikringsarbeidet. Det er FTU som handsamar søknadane og fattar vedtak.

Tabelloversikt over tilskotsordningane:

Tilskotsordning	Søknadsfrist	Rett til å søkje	Søknadstype	Utbetaling
Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane	6. mars 2015	Kommunane	Eige søknads- og rapporteringsskjema	Når tiltaket er gjennomført og rapport levert
Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar	6. mars 2015	Kommunane	Søknad i brevs form	Utbetaling ved vedtak
Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement	6. mars og 15. aug. 2015	Kommunane, skular, barnehagar, lag/foreningar/org.	Eige søknads- og rapporteringsskjema	Når tiltaket er gjennomført og rapport levert

Som oversikten viser så har kommunane rett til å søkje på alle tre ordningane. For to av ordningane er det berre ein søknadsfrist i året. Merk at det er knytt særlege kriteria til kvar av tilskotsordningane. Meir informasjon om dei ulike kriteria, samt søknads- og rapporteringsskjema finn ein på fylkeskommunen si heimeside under «Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU)»: <http://www.hordaland.no/ftu>

Direkte link til søknads- og rapporteringsskjema for dei to tilskotsordninga som har krav om dette finn ein her: <http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/#Trafikksikring>

John Martin Jacobsen
leiar

Lise Ådlandsvik
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift